

## Velkommen til vinterferien på Kleppe SFO!

Her kjem program og litt informasjon om ferie SFO.

- 2. trinn kjem til å vere saman med 3-4 trinn på basen oppe ved kantina. Vi opnar basen til 2-4 trinn kl 8, men ved fråvær kan det bli seinare. Det er difor viktig at elevane veit at dei alltid er velkomne til 1. trinns basen, viss det er stengt på eigen base. Der er det alltid vaksne. Vi kjem også til å vere saman på 1. trinnsbasen på ettermiddagane. Tidspunkt vil variere litt ut frå bemanning.
- **ALL levering for dei som har meldt på morgontilbod (før 08.00) vil skje ved 1. trinn som vanleg kvar dag!**
- **Det blir servert to måltid kvar dag.** Lunsj ca kl 10. og “middag” ca kl 13.45. Dei som skal ete frukost på morgon-SFO (før kl 8) må ta med matpakke.
- **Det er “HA MED DAG” kvar dag i ferien for dei som vil.**
  - Ta med leiker som oppfordrar til kjekk leik saman med andre.
  - Vi ønskjer ikkje leiker **med lyd, Pokemonkort eller våpen/våpenliknande** leiker. Vær vennleg å respektera dette.
  - Minner også om at alle **leiker er med på eige ansvar**. Dei tilsette kan ikkje ta ansvar for leiker som tas med.
- Hugs alltid **kler etter været**, vi er mykje ute og leiker.
- Ha **skifteklær** og gjerne ei **drikkeflaske** i sekken
- **Legg alle beskjedar** om fri, henting, gå heim sjølv tider ol. **som merknad i Visma innan kl 10** om morgonen. Aller helst så tidleg som mogleg. Dersom du MÅ gi ein beskjed etter dette må du sende melding/ringe på basen sin telefon. Hugs at telefonen berre skal brukast i unntak, vi ønskjer alt vi kan inn i Visma på formiddagen.
- Tlf: **1. trinn/Pikachu: 47781 197, 2. trinn/Bulbasaur: 908 21 157, 3.trinn/ Eevee: 908 70 893 4. trinn/Eevee: 909 53 269**

Opningstid er 08.00 – 16.30 (+ 07.00 – 8.00 for dei som og har meldt på morgontilbod)

Kjernetid er 10.00 – 14.00, så alle må vere på plass til kl 10!

Kjem nokre seinare eller må hente før, må de sjølv bringa/henta der me er, og gi oss beskjed om at barnet kjem seint, eller skal bli henta tidleg.

Programmet vårt er ope og ikkje “hogd i stein”. Det kan bli endringar, men programmet gjer ein god peikepinn på kva som vil skje desse dagane. Elles finn me sjølvstund på andre kjekke ting før og etter kjernetid.

|           | Måndag<br>23.februar | Tysdag 24.<br>februar                                                    | Onsdag<br>25.februar             | Torsdag<br>26.februar     | Fredag 27.<br>Februar |
|-----------|----------------------|--------------------------------------------------------------------------|----------------------------------|---------------------------|-----------------------|
| 1.trinn   | Kino i aulaen        | Lage masker og pynt til karneval                                         | Stasjonar                        | Felles tur til Haugabakka | Karneval i aulaen     |
| 2.trinn   | Kino i aulaen        | lage masker og pynt til karneval/ute                                     | Gym/ Bingo / ute                 | Felles tur til Haugabakka | Karneval i aulaen     |
| 3-4.trinn | Kino i aulaen        | Tur til Sandnes med buss. Opplegg på biblioteket i regi “Tid for lesing” | Lage masker og pynt til karneval | Felles tur til Haugabakka | Karneval i aulaen     |
| Meny      | Brødmåltid<br>Nachos | Brødmåltid<br>Taco                                                       | Brødmåltid                       | Brødmåltid                | Brødmåltid<br>Pizza   |

|  |  |  |                    |                  |  |
|--|--|--|--------------------|------------------|--|
|  |  |  | Pasta og kjøttdeig | Fiskekake i brød |  |
|--|--|--|--------------------|------------------|--|

## **Karneval i vinterferien**

Fredag 27.februar (fredag i skulens vinterferie) skal vi ha karneval på SFO.

Vi veit at barn raskt veks ut av utkledingskler, og om du ikkje har noko som passer heime, så oppmodar vi til å kle seg ut i noko de allereie har heime, bruk gjerne kreativiteten til å “lage” kostymar av vanlege kler eller anna du har i hus.

Det blir ikkje anledning til å bruke masker eller våpenliknande utstyr. Vi kjem til å tilby ansiktsmåling for dei som ønskjer det. Det er sjølv sagt lov til å gjere det heime før ein kjem om morgonen og.

Her er nokre tips:

Vær ein farge ved at alle kler har same farge

Vær ein fotballspelar

Vær ei prinsesse eller ein prins ved å ta på fine kler

Ta på treningskler og ver ein OL-utøvar /sportsutøvar

Ha på kler med teddyfor og ver ein bamse

Sort kappe/plastsekk med farga sirklar på så er du ein non-stop pose